



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Høyring - utgreiing av grensejustering mellom Fjord kommune og Stranda kommune - Liabygda

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gjere ei utgreiing av grensejustering av Liabygda. Statsforvaltaren skal og gje KDD ei tilråding i grensejusteringssaka.

Vi ber om uttale til grensejusteringssaka frå kommunestyret i Stranda kommune:

- Kva for konsekvensar vil det gje for Stranda kommune dersom Liabygda blir grensejustert over til Fjord kommune?
- Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa?

Vi vil i tillegg be kommunestyret i Fjord kommune om å uttale seg til grensejusteringssaka:

- Kva konsekvensar vil det gje for Fjord kommune dersom Liabygda blir grensejustert frå Stranda kommune?
- Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa?

Høyringsfristen er sett til 10. februar 2025.

Relevant informasjon i høyringssaka

Statsforvaltaren har med utgangspunkt i oppdragsbrevet frå KDD utarbeidd eit faktagrunnlag. Møre og Romsdal fylkeskommune har bidratt i utarbeidinga av faktagrunnlaget. Kommunane Fjord og Stranda har fått høve til å gje innspel til faktagrunnlaget. Oppdatert faktagrunnlag er lagt ved, og ligg også tilgjengeleg på våre [heimesider](#).

Statens kartverk har i brev av 27. november 2024 gitt sin uttale til ei eventuell ny kommunegrense mellom Fjord og Stranda. Brevet er lagt ved.

Opinion har på oppdrag frå Statsforvaltaren gjennomført ei høyring av innbyggjarane i Liabygda. Rapporten som viser resultatet frå innbyggjarhøyringa er lagt ved og ligg også tilgjengeleg på våre [heimesider](#).



Vidare saksgang

Statsforvaltaren vil på bakgrunn av søknaden, oppdragsbrevet, faktagrunnlaget, resultatet frå innbyggjarhøyringa og høyringsuttaler gjere ei vurdering av saka og gi ei tilråding til KDD.

Vår vurdering og tilråding vil bli sendt over til KDD for endeleg avgjerd innan 1. mars 2025.

Relevante dokument er lagt ved som vedlegg til saka. Sjå oversikt over vedlegg nedanfor.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

VEDLEGG:

1. Søknad om grensejustering
2. Underskriftsliste
3. Brev frå SF, orientering om søknad
4. Brev frå Fjord kommune
5. Brev frå Stranda kommune
6. Brev frå SF til KDD, oversending av søknad
7. Oppdragsbrev frå KDD
8. Oppdatert faktagrunnlag
9. Innspel til faktagrunnlaget frå Fjord kommune
10. Innspel til faktagrunnlaget frå Stranda kommune
11. Høyringssvar frå Statens kartverk
12. Rapport frå innbyggjarhøyringa

Kopi til:

Kjartan Olav Lied	Liagarden 68	6212	Liabygda
Lars Kjell Smoge	Mehaugen 10	6212	Liabygda

Mottakere:

STRANDA KOMMUNE	Øyna 13	6200	STRANDA
FJORD KOMMUNE	Postboks 144	6211	VALLDAL